



Praktisk-pedagogisk utdanning – yrkesfag



Praktisk-pedagogisk utdanning for yrkesfag (PPU-Y) er eit påbyggingsstudium som kvalifiserer til arbeid som lærar. Det betyr at du byggjer PPU-Y på ein yrkesfagleg kompetanse du har frå før. Merk at opptakskravet om mastergrad ikkje gjeld for PPU yrkesfag, det gjeld berre for PPU allmennfag. Studiet tilbyr fleksibelt opplæringstilbod med nettbasert og modulbasert undervisning. Høgskulen i Volda har praksisskuleavtalar med skular i Møre og Romsdal og Nordfjord, men legg også til rette for praksis nasjonalt.

Studieinnhald

Studiet er sett saman av emna pedagogikk (30 stp.) og yrkesdidaktikk (30 stp.). I tillegg er det lagt opp til 60 dagar med praksis, der hovuddelen skal leggast til vidaregåande opplæring, men du skal også ha praksis på ungdomssteget. Programmet gir kompetanse i å planlegge, gjennomføre og kritisk vurdere undervisning. Du skal lære om ulike arbeidsmåtar og læringsressursar innanfor faga du er kvalifisert til å undervise i. Det vert fokusert på klasseleiing og læringsmiljø og korleis gode relasjonar til og mellom elevar kan utviklast. Etikk og yrkesidentitet og samarbeid med elevar/lærlingar, kollegaer og føresette er også vektlagt i studiet.

Internasjonalisering

Gjennom undervisninga i studiet vil du møte også internasjonal utdanningsforskning. Praktisk pedagogisk utdanning er eit kort og intensivt studie som skal førebu kandidaten best mogleg til å arbeide som lærar i norsk skule, difor er

Undervisningsmåtar og vurderingsordningar

Vi føreset at du kjem til studiet for å utvikle deg som lærar. Gjennom varierte arbeidsformer, som krev stor grad av studentaktivitet og samarbeidslæring prøver vi å legge til rette for dette på best mogleg måte. Det er ein føresetnad at studentane er aktive brukarar av informasjons- og kommunikasjonsteknologi. Canvas er høgskulen sin digitale læringsplattform, og studentane må aktivt bruke denne i arbeidet med studiet. Ein del av læringsaktivitetar vil skje i samlingar, men mykje vil også skje på digitale plattformer

Aktuelle yrke og vidare studium

Praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) er ei yrkesutdanning som primært kvalifiserer for lærararbeid på ungdomssteget i grunnskulen og den vidaregåande skulen. Utdanninga gir også undervisningskompetanse i andre opplæringsarenaer innanfor fagområdet

Studiepoeng / lengd: 60 / 4 semester (2 år)

Opptakskrav: Studentar med yrkesfagleg kompetanse vert tekne opp på eitt av følgjande to grunnlag:

- Fullført treårig profesjonsretta universitets- eller høgskuleutdanning og minimum to års relevant yrkespraksis. Profesjonsretta utdanning er i denne samanhengen utdanning som kvalifiserer for undervisning på yrkesfaglege studieretningar i vidaregåande opplæring, t.d. fagskule/høgare utdanning.
- Generell studiekompetanse og fag-/sveinebrev eller anna fullført treårig yrkesutdanning på vidaregåande nivå, to års relevant yrkesteoretisk utdanning og minimum fire års